

ISFLAKET

Organ for Ishavsmuseets Venner.
Nr. 4/2000 Oktober 2000. 2. Årgang.

Ishavsfest

Onsdag 17.oktober kl. 19.00

I samband med Hareidsstemna byd Ishavsmuseet inn til ishavsfest på museet onsdag 17.oktober kl. 19.00

Kjære lesar.

Eg får etterkvart ein del tilbakemeldingar på dette medlemsbladet. Dei er alle positive, og det gir grunnlag for vidare innsats. Det er behov for eit organ for oss med ishavshistorisk interesse. Polarmuseet i Tromsø har ikkje eige blad, så slik sett leiar vi "søringane" på dette feltet. Når det gjeld denne utgåva, som er ekstra stor, er her litt nyare polarhistorie frå Svalbard, presentert av Marit Karlsen Brandal. Slike bidrag set redaktøren svært stor pris på, krydra med meir frå Ivar Ytreland, rapport frå grillfesten, om "Polaric" og status for museums sesongen ved museumsstyraren, så bør det vere duka for ei fin stund i god stolen.

Brandal september 2000, Johannes Alme.

"Jopeter" fast i isen – 1955.

Av Webjørn Landmark

I boka Veslekari er det eit bilde som viser "Jopeter" fast i isen. "Jopeter" mista propellen og vart innestengt av is ved Scoresbysund i august 1955 under oppdrag for den Konglige Grønlanske Handel. Mannskapet vart tatt opp av eit amerikansk helikopter og bragt over på "Tottan". Året etter vart "Jopeter" funnen igjen ståande på grunn av ein dansk flygar. Den vart så slept heim av "Melshorn". På bildet ser det ut som "Jopeter" har heist segl. I følgje bildeteksta er bilde teke når skuta vart forleten. Det har vore mykje diskusjon blant museumsbesøkande om vi ser eit segl på bilde, eller det er andre ting som speglar seg, evt. ising i riggen. Det har også tidlegare vore fortalt at ein prøvde å heise segl for å hjelpe til med å kome seg ut av isen. Er det nokon av Isflaket sine lesarar som har meiningar om dette.

Styret i Ishavsmuseets Venner:

**Bjarne Brandal- formann, Hermann Bakke – nestformann, Liv Skarbakk – sekretær,
Arnfinn Karlsen, Lars J. Brandal, Britt Eilertsen , Ottar M. Brandal.
Ishavsmuseets Venner, Postboks 20, 6062 BRANDAL**

EIT ÅR PÅ FANGST PÅ GRÅHUKEN, SVALBARD

Av Marit Karlsen Brandal

”Kap Hvile” heiter hytta på Gråhukken. Den ligg ved stranda på nesten 80 grader nord, i eit grått og forblåst landskap. Hit kom vi, Steinulf Smith- Meyer og meg, den 9.juli 1982, for å vera eit år på fangst. M/S Polarstar med skipper Ingolf Røren, frakta oss nord frå Longyearbyen medan snøen endå dekta det meste av landskapet.

Det å liggja eit år på fangst på Svalbard hadde vore ein gamal draum for oss båe to. Når vi endeleg bestemte oss for å realiserte denne draumen og dreiv med planlegging og pakking, var vi midt i geologistudiet ved Universitetet i Oslo. Det var kanskje grunnen til at det berre var geolog- hammar som vart pakka i lasten, ikkje ein vanleg uttrekkhammar.....Ein slik fekk vi imidlertid av Susan Barr (med mann og barn) som vitja oss på Gråhukken den sommaren vi kom dit. Ellers hadde vi fått med det meste, til og med eit leksikon.

Hytta og Rabben

Ingolf Røren tykte det såg forferdeleg trist ut inne i hytta, og det var vel ikkje vanskeleg å vera einig med han. Den var skiten og full av sot. Derfor satte han att ei spann med kvitmaling, som vi måla tak og veggjar med. Slik vart det lyst og triveleg inne i opphaldsromet på 9 kvadrat. I tillegg til seng, var der bord og kokeplass. Resten av hytta var proviantrom og ein gang på ca. 11 kvadrat. Dette var ikkje mykje rom til å få utlaup for det sunnmørske temperamentet på.....Men, når dette herja som verst var Rabben god å ha. Han var ein ½ år gamal grønlandshund/husky frå Ny- Ålesund, som vi skulle få låne medan vi var på Gråhukken. Og ein meir forståelsesfull og kjærlig hund skal ein leite lenge etter. Rabben vart ein god ven som eg ofte hadde lange og fortrulege samtalar med (og det trur eg Steinulf også hadde?). I tillegg var Rabben stort sett flink til å varsle når ein eller fleire isbjørn nærma seg hytta. Då kom ein lite knuff som ikkje var til å ta feil av.

Som motstykkje til kosehunden Rabben, var den ”ville” Rabben. Denne villskapen kom fram dei gongane han fekk teft av rein; det var ikkje tvil om at han var klar til å drepa. Etter at vi hadde skutt den første reinen, gav vi heile hovudet av denne til Rabben. I to døger gnog han som besatt, og knurra når vi nærma oss. Men då hadde eg fått nok av galskapen, og gjekk forsiktig mot han med tjukke arbeidshanskar på. No fekk det briste eller bere, -her gjaldt det å syna kven som var sjefen. Rabben knurra og viste tenner heile tida medan eg nærma meg. Eg tok forsiktig reinskallen frå han, heldt den ei stund, og gav den so attende. Etter dette var over, slutta Rabben å knurre, og seinare når vi nærma oss,lot han det vera greit. Men ”kontakt” att med hunden fekk vi ikkje før skallen var reinspist.

Eg må nok også seia at Rabben ein gong tok livet av ein revunge. Han hadde sjølv kome med den døde reven til hytta, etter at han ein gong sleit seg frå tauet han stod fast i. Eg tok den vesle revungen i ein plastpose og grov den ned i snøen. Sjølv sagt kunne eg ha kasta reven. Men sidan Rabben hadde vore i intim kontakt med dyret, ville vi gi reven til naturvernkonsulenten og få undersøkt om den hadde rabies. Rabben var vaksinert mot dette, men vi ville ikkje ta noko sjansar. Seinare då naturvernkonsulenten på sysselmannskontoret kjem til Gråhukken, tek eg mannen med bak hytta for å grave opp den døde reven. Meneg ville ikkje fortelja at det var Rabben som hadde slete seg og drepe reven. Kva ville dei då tenkja? At Rabben gjekk laus mesteparten av tida og fekk drepa både rein og rev i strøket her? Nei, hunden vår hadde ikkje gjort noko gale.... So derfor stod eg og laug myndigheitene rett opp i andletet ved å fortelja at vi hadde funne reven død. Naturvernkonsulenten kutta hovudet av reven for å undersøkja han, og vi gjekk inn att til dei andre i hytta. Då vi kom inn byrja eg å svette; der sat Steinulf og fortalde høgt og tydeleg om den gongen Rabben kom med den døde, varme reven i kjeften. Han (Rabben) hadde logra med halen og sett ut til å vore stolt over jaktutbytte.....

Rabben fekk aldri koma inn i opphaldsrommet vårt. I staden fekk han akkurat plass til overkroppen inn skytegluggen i det same rommet, slik at han ”hang” som eit levande trofe på veggen der.

Ein gong greidde han likevel å koma seg heilt inn, og aldri såg eg han so nøgd som då. Vi hadde ei binne med to årsgamle ungar som heldt seg ved hytta ei tid. Berre vi skulle ut for å tisse, måtte vi ha med gevær. Ein gong eg sat slik og tissa, nærmare hytta enn eg vanlegvis bruka og med rifla klar, kom eine ungen i full fart mot meg. Eg lada geværet for å skyta skremmeskot, men fekk klikk på geværet. Eg ropar fort til Steinulf som kjem ut med gevær nr.2, men også det klikka! Her var det berre å koma seg i hus fortare enn svint. Eg hadde ikkje lyst til å leike med ein søt liten isbjørn. Vi fekk so vidt tid til å løysa Rabben og smelt att ytterdøra, so var bamsen der. Men kvar vart Rabben av ? Jau, han fann vi godt gøymd oppi senga under sengeklede våre. Der låg han stille som ei mus.

Isbjørn og hærverk

På førehand hadde vi vorte advart mot alle isbjørnane der nord. Gråhuken ligg midt i trekket for bamsane, og det var å forventa at vi ikkje ville vera der åleine. Det som kanskje gjorde mest inntrykk, var eit brev frå Edvin Nøis, bror til legendariske Hilmar Nøis. Edvin hadde erfaring frå området etter ca 5 år på fangst der. Eg siterer frå brevet: ”Dere må ikke ha for mye spek ved huse for bjørn da kan den bli plagsom i løpet av vinteren og våren. Se godt efter at det ikke legges sig mye sne på øvre siden av huse ved taket. Den (bjørnen) kan komme op på den har ramlet ned i huse før. Gikk ut vindue.”

Vi hadde ikkje vore i hytta meir enn eit par dagar, før den første bamsen ville inn til oss. Vi sov, då ein skumgummibit som dekte eit lite defekt vindu, vart puffa inn i senga vår. Og inn titta bamsen. Men då han fekk sjå oss to forskremte i senga, vart han om mogeleg endå meir forskrekka, og fann ut at det var best å stikke. I ettertid ser eg at denne bamsen var eit viktig besøk, då det fekk oss til å vera ekstra vare, også på sommarstid.

Litt seinare kom to amerikanske forskarar til Gråhuken. Dei hadde padla frå Ny- Ålesund, var utan våpen, og skulle campe ved hytta nokre dagar. Vi fortalde at det var lite lurt å ferdast her utan noko å forsvara seg med. Men dei ”gutane” skulle ikkje ta imot råd frå to norske studentar, nei ! Ein eller to dagar seinare, medan vi alle var vekke frå området, var bamsen der og endevrengde teltet deira, og åt mesteparten av provianten dei hadde med.

No er det slik at hytta ikkje hadde noko anna isolasjon enn avisepapir . Vinden bles dermed tvers gjennom. Når det stod på frå nord, var det nesten som å ha vifte på inne. Vi var derfor ivrige til å spa snø inntil hytteveggen som isolasjon so snart det hadde byrja koma noko snø. Det gjekk derimot ikkje lenge før heile hytta vart naturleg heilt nedsnødd, og hyttetaket låg jamnhøgt ned snøoverflata. Det vart lunt og godt inne, og vi måtte grave trapper ned til døra, og halda området ved skytegluggen fri for snø. Det var ikkje fritt for at eg tenkte på Edvin Nøis sine ord om bamsen som datt ned i hytta, dei gongane vi var inne og hørde isbjørn som tusla ved taket. Då sat vi klar med rifla – inne.

Til tider kunne isbjørnen vera svært plagsom, og mange av bamsane reagerte ikkje på skremmeskot frå rifla. Vi hadde fanga ein del sel, og hengt kjøtt og spekk høgt opp på kjøttstativet vårt. Mykje spekk låg også ved spekkbenken nede ved landkallen. Ein gong Steinulf stod å spekka eit skinn, hørde vi brått at Rabben kom med eit bamse- knuff. Og der, om lag ei armlengde bak Steinulf stod to bamsar og såg på han. Ei binne med ein toåring. Gjett om det var ein som hoppa opp, slengde spekk- kniven frå seg, og byrja springa mot hytta. For å unngå at bamsen kom etter, slo han raskt om takta, og gjekk normalt til hyttedøra. Heldigvis var selskinnet nesten ferdigspekka, so bamsane hadde meir enn nok med å glefsa i seg. Etter at dei var mette, gjekk dei nokre hundre meter frå hytta, og la seg til å sova. Men sidan dei visste at der fortsatt var meir spekk att, rekna vi med dei ville koma attende. Vi tok derfor å dynka dette godt med tabasco, og sette oss til for å venta. Og resultatet vart som forventa; då isbjørnane igjen kom for å eta, vart det eit kort måltid. Dei gjekk bae to gapande derifrå. Men ikkje lenger enn bort til kjøttstativet. Mora reiste seg opp på to og reiv ned eine selskrotten som dei fortærte. So gjekk dei for å sova att.

Kva skulle vi no gjera? Skulle disse to freda dyra eta opp all maten som var meint til Rabben? Vi dela opp dei resterande skrottane på stativet, slik at dei ikkje skulle henga so lavt og vera lette å få tak i. Men kva gjer binna når ho vaknar og finn ut at maten heng for høgt ? Jau, ho jukkar på stativet til maten dett ned. Vel, etter seks døger med disse to bamsane ved hytta, var vi grundig lei (for å seia det mildt). Vi hadde forsøkt mykje i tillegg til skremmeskot,for å få isbjørnen vekk derifrå; ropt, kasteknall, slått med pannelokk osv. Ein gong dei baa to var heilt inne ved hytteveggen rett ved skytegluggen, satt eg ein høgtalar i gluggen og skrudde opp lyden på Lillebjørn Nilsen si vise ”om hundre år er allting glemt”. Det gjorde susen. Dei to isbjørnane stakk mot sør og vi såg dei aldri att. No kunne vi endeleg byrja ”leva” att.

På heile året hadde vi ca. 180 ulike isbjørnbesøk ved hytta. Nokon slo seg ned i nokre dagar, medan andre berre gjekk forbi. Ikkje rart at Rabben til slutt ikkje orka å varlsa når bamsane nærma seg. Det vart so daglegdags at han berre stod og såg på dei. Dette gjorde at vi måtte byrja ha han inne i bislaget att om natta, sidan Rabben ville vore eit lett bytte for bamsen der han stod i band ute. Isbjørnen lika seg so godt i vårt selskap at vi til og med fekk oppleva ei binne som dia ungen sin rett ved hytteveggen. Slikt har vi seinare fått høyra er sjeldan isbjørnen gjer i nærleiken av folk. Andre bamsar hadde parringskamp. Det var brøl og slåssing, med blødande og haltande bamsar som resultat.

Post og turistar

På Gråhuken hadde Sysselmannen eit drivstoff- depot for helikopter. Dette gjorde at vi ein sjeldan gong fekk post frå kjente og ukjente. Om sommaren hyppigare enn om vinteren. Det meste vi var totalt isolert utan noko form for kontakt med verda rundt oss, var tre månader. Sidan vi følgde vår eiga døgnrytme, kunne slike vitjingar koma, for oss, midt på ”natta”. Rabben lærde seg tidleg å gje oss ulike knuff for isbjørn og helikopter. So dersom vi høyrde helikopter- knuffet når vi sov, var det opp av senga og opna skytegluggen for å lytta etter chop- chop lyden. Var det ein fjern lyd der ? Ja ! På med kledda, eit raskt blikk i speilet (det var vel kanskje lukta som var verst?), avslutta brev og sette over kaffien. Skal tru om dei hadde med post til oss denne gongen ? Som regel var det ein full postsekk, so etter helikopteret hadde reist, sat vi som regel og las til vi sovna att. I oktober fekk vi i tillegg ein sekk full av aviser frå Polarstar i Longyearbyen. I botnen av sekken låg ei champagneflaske med fylgjande helsing: God Jul. Godt Nyttår. Johan ”Polarstar”. Den vart sett vekk til nyårskvelden.

Den sommaren vi kom opp fekk vi m.a. vitjing av ein seglbåt frå Hamburg. Det var fire tyske ungdommar på tur. Dei gav oss ei bok skreve av Christiane Ritter: Eine Frau erlebt die Polarnacht. Kunstnaren Christiane Ritter overvintra med mann og ein annan pelsjeger i hytta på Gråhuken vinteren 1934/35. Hytta var då om lag halvparten so stor som no, og ho hadde aldri opplevd arktis før. Christiane Ritter gjev fine skildringar av dei ulike stemningane på Gråhuken, og eg hugsar at slik ho beskreib kor stormen tok tak i hytta, var nett slik vi opplevde det. Det var under overvintringa og i ettertid svært interessant å brevveksla med Christiane som budde i Østerrike, inntil ho døydde for nokre år sidan.

”Vi har med fint besøk i dag” sa Tore Gjelsvik frå Norsk Polarinstittutt, då han kom ut av helikopter ein dag det landa ved depoet. Han på eit vis holdt oss litt tilbake, slik at ein attache skulle få utført si oppgåve. Han, attacheen , helste til oss med fylgjande ord: ”Now you have audiens”. Og ut av helikopteret kom Rainier av Monaco og Prins Albert. Vi hadde visst fått audiens, slik at dei kunne vitja oss.....Det var eit svært hyggeleg besøk, men eg torde ikkje sei til Albert at han berre måtte setja seg ned når han vart med inn i hytta. For det eg hadde å tilby som sete var senga vår. Då dei hadde reist, måtte eg ha meg ein sigar og litt til. Hadde eg drøymt, eller ? Steinulf var mest skuffa over at Caroline ikkje hadde vore med i helikopteret.

Å verta invitert ut på middag, var ikkje akkurat det vi mest venta på. Men so skjedde den 10.april 1983. Eit Lynx helikopter kom med invitasjonen frå K/V Nordkapp, som låg nordvest for Svalbard. Vi fekk eit par timar å gjera oss klar på, so ville dei hente oss att. Aldri har vi vel vaska oss so grundig ! Og tok på reine klede. Rabben oppførte seg fint i helikopteret, og vart raskt midtpunkt då vi kom fram.

For oss var det fantastisk å ha eit heilt mannskap å kunne prate med på ein gong. Det var nesten litt forvirrande. Då vi om kvelden hadde vorte skyssa heim, var det eit spørsmål eg hadde merka meg dei fleste om bord hadde spurt; om vi ikkje ville dusje ? For oss hadde det vore meir interessant å prata.

Revefangst og mørketid

Sommaren gjekk med til å gjera oss kjent i terrenget. Vi hadde med ein 12 fots aluminiumsbåt som vi farta rundt med. Sanka drivtømmer til ved og merka av på kartet gode felleplassar. Revefellene var best å setja opp på forblåste knausar, som også om vinteren ville vera mest mogeleg snøfrie. Kom der for mykje snø under, ville fella ikkje drepa reven når ho datt over han med eit lass av steinar oppå. Vi nytta den gamle fangstmetoden med fall- lemmar, som forresten var det einaste lovlege. Det var mykje arbeid å både snekre lemmar og spikke felle- låsen. Dette arbeidet var nytt for oss baa, men vi hadde vore ein tur innom museet i Longyearbyen for å sjå korleis det skulle vera.... Mellom 60 og 80 feller hadde vi til ei kvar tid ståande oppe i to retningar ut frå hytta. Kvar dag gjennom heile den mørke vinteren var vi ute å røkta dei. Det var naudsynt, for bamsen var folen til å gjera hærverk. Han slo sund fellene for å få tak i den lisje selspekk- biten som var åte. Det var lite lystig når bamse hadde gått ruta vår og slått sund nesten alle fellene. I tillegg var vi ei tid plaga med revekannibalisme. Då låg som regel berre hovudet av reven att under fella. Trass i alt dette, fanga vi 51 rev, 4 av desse var blårev.

Ingen av oss hadde flådd rev før. Men gode brosjyrer om emnet var til god hjelp. Likevel var det ikkje fritt for at det var vanskeleg i byrjinga. Første reven tok det oss 10 timar å flå ferdig og satt opp på tane! Etter ein del trening kom vi ned i eit par timar pr rev.

Sør for hytta hadde vi to bistasjonar, ein i Fiskebay (8 km frå Gråhuken) og ein i Mushamna (16 km frå Gråhuken). Det var her mogeleg å overnatta, og vi lagra litt proviant i kvar hytte. Var det mykje vind og tungt føre, overnatta vi heller enn å slita oss heilt heim til hovedstasjonen på Gråhuken.

Mørketida gav oss utruleg mange fine og nære opplevsar. Når eg seier nære, er det fordi i mørke og med hav dekt av is, er det utruleg kor lett lyden ber. Ein gong midt på vinteren medan vi var ute og såg etter fellene, høyrde vi t.d.pusten av ein bamse som nærma seg. Rabben syntte oss kva retning isbjørnen kom frå, men i mørke såg vi han ikkje. Lyden av pust og steg i snøen vart tydlegare og tydlegare, for so å forsvinna att. Det var ei merkeleg kjensle å stå der i mørke med ladd gevær utan å sjå noko.

Månen og nordlyset gjorde forresten livet ofte lysare for oss. Ved fullmåne kunne vi gå utan lykt, og arbeidet ved fellene gjekk som ein draum. Når vi gjekk slik frå felle til felle i måneskin over kvite flater og ingen vind, ja då hadde eg kjensla av å virkeleg leva. Utan måne eller nordlys måtte vi i staden ofte leita etter fellene. I tillegg snubla vi ofte i snøskavlar som var uråd å sjå, særst når Rabben drog ein av oss på ski i full fart mot neste felle.

Det var ikkje berre revefangst og flåing vi fordreiv tida med i løpet av dei 4 månadane i mørke. Snø skulle smeltast og glasset på parafinlampene vaskast. På seinsommaren skaut vi ein del ringsel (snadd). Skrottane vart, som tidlegare skreve, hengt på kjøttstativ for mat til Rabben, medan skinna vart bearbeidd etter ein metode frå Grønland. Etter spekking vart skinna grundig vaska, spilt ut og tørka på ramme. For å få dei mjuke att etter tørking, skulle skinna tyggast. Dette vart gjort for også å få ut dei absolutt siste restar av spekk. På Grønland er dette berre kvinnfolkarbeid, men ikkje på Gråhuken, nei. Eit slikt fole "handarbeid" gav ein folen smak i munnen som berre akevitten kunne fjerna. Av dei ferdig preparerte skinna sydde vi oss anorakkar, vesker, luer og sko. Anorakkane kjendes stive når vi tok dei på, men kroppsvarmen gjorde dei mjuke etter ein times tid.

Inne i hytta vart det so som so med privatliv. Etter middag, fekk eg alltid tid for meg sjølv. Då brukte Steinulf bikka seg attover på sofaen/senga, og der sovna han mellom potetsekkar og halvtygde selskinn. (Potetsekkane hadde vi i senga for å unngå at dei fraus).

Då kunne eg nytta det å vera heilt "åleine". Slike stunder merka eg gjorde meg godt. Steinulf hadde tilsvarande om morgonane, då han romsterte for seg sjølv før eg vakna. Av og til vakna eg, men lot som eg sov, då eg rekna med han hadde like stort behov for sine "stunder" som eg hadde for mine.

I midten av januar byrja vi å merka ei svak lysstripe i sør midt på dag. Det hadde minka sterkt på lommelykt- batteri lageret vårt, slik at vi frå no av la fangsturane våre til denne tida. For kvar dag merka vi at lysstripa vart sterkare og sterkare, og 3. mars fekk vi det første glimt av sola mellom to fjell. Det vart ein festdag som fortente flagget oppe!

"Ferie" og heimreise

Revefangsten var over i midten av mars, og lyset var kome attende. No kunne vi dra på lange fine turar både med ski og scooter (ein scooter som vi endeleg hadde fått fiksa - den hadde vore "død" mesteparten av vinteren) utan å tenkja fangst og fellar. Vi kosa oss også med fangst av sel på isen i Woodfjorden, slik også isbjørnen gjorde. Nærmare påsketider byrja dei første scooterfolka frå Ny-Ålesund og Longyearbyen å dukke opp. Slikt var kjekt, men ikkje alltid. Nokre gongar hadde vi (døgnville som vi var) nett sovna då ein armada av scooterfolk på langtur parkerte utfor hytta. I slike situasjonar var det tungt å vera gjestfri.

Woodfjorden vart fri for is, og vi kunne igjen setja båten på sjøen. Fuglane kom attende i store flokkar, og snøen minka på bakken. Den snøen vi brukte til drikkevatt vart meir og meir brunfarga. Til slutt tok vi vatnet frå ein sølepytt rett utfor hytta. Steinulf fjerna alle kammarane til Rabben, slik at det heile skulle sjå meir delikat ut.

Båten vart nytta til tur over Wijdefjorden til Polhem, og sørover langs austsida av den enorme Wijdefjorden. Her var/er mange gamle meir eller mindre bevarte fangsthytter, der sko med sennagras fortsatt stod på golvet, eller bestikket hang på veggen. Det var nesten so ein burde banka på døra (om ho fortsatt var der) før ein gjekk inn.

13 månader etter vi kom til Gråhukken, kunne vi igjen høyra maskinduren til Polarstar som kom for å henta oss på ein av sine turar for Sysselmannen. Skipper var Johan Holstad, som eg tidlegare hadde vore med på Svalbard. Etter at alt utstyret vårt var lasta om bord, drog mannskapet ut til skuta, og Rabben, Steinulf og eg fekk ta eit farvel med Gråhukken åleine. Etter ei stund drog vi ut i vår eigen båt, og vart heisa om bord. Der hadde stuert Lars Holstad dekt eit storslått bord til oss, men eg ville berre ha appelsiner og tomat.



Rabben vart att i Ny-Ålesund. Det tok eit halvt år etter vi kom attende til Oslo, før eg hadde kjendsla av å leva normalt att. Brev til Rabben vart mange og lange. Året på Gråhukken er det beste vi har opplevd hittil i livet.

ISHAVSSKUTA "POLARIC"

Av Magnus Sefland

Ishavsskuta "Polaric" vart bygd i 1917 på Kyrksæterøra i Sør-Trøndelag av skipsbyggjar Nils K. Bolsønes frå Molde. Tingar var Johan R. Rasmussen m.fl. i Ålesund. Som ny hadde "Polaric" måla 99.3 x 22.9 x 10.2 ft / 155 brt. Nybygget fekk innsett ein dampmaskin av compoundtypen på 120 ihk frå Mjellem & Karlsen i Bergen.

Eigarane gjekk konkurs, og skuta vart seld på tvangsauksjon til Peter S. Brandal i 1920. "Polaric" fekk då fiskerimerket M 13 HD. I 1925 vart "Polaric" overført til A/S Polaric & Harald, og i 1938 til A/S Polarbjørn.


I 1941 var "Polaric" med Martinus Brandal som skipper på eit fraktoppdrag til Svalbard. Der kom skuta opp i evakueringa av befolkninga på Svalbard i september 1941. Det var det britiske tropskipskipet "Empress of Canada" og ei gruppe eskortefartøy som utførte evakueringa. Den norske befolkninga vart frakta til Skottland. "Polaric" medverka til evakueringa ved å hente befolkninga i Ny-Ålesund til Longyearbyen. Der vart dei skipa om bord i "Empress of Canada". Deretter fekk "Polaric" prisemannskap om bord og ordre om å gå til Island. Der gjorde "Polaric" teneste fram til krigen var slutt. "Polaric" var m.a. bergingsfartøy i Reykjavik saman med "Veslekari".

Etter krigen tok Monrad Pilskog over som skipper. I 1947 hadde reieren planlagt å prøve feltet i Kvitsjøen igjen. Men "Polaric" fekk ikkje leidebrev. I 1948 vart dampmaskinen skift ut med ein Crossley dieselmotor på 375 hk. Crossley-motorar av denne storleik vart brukte i britiske minesveiparar, som etter krigen vart overflødige. Fleire reiarar på Sunnmøre kjøpte heile minesveiparar, som kom frå England til Sunnmøre for eigen maskin. Skroga vart omdisponerte til andre formål. Motorane vart monterte i andre fartøy som t.d. ishavsskuter. Motoren i "Polaric" vart bygd i 1942 og var ein av dei som kom til Sunnmøre for egne krefter i minesveiparar.

I 1949 gjorde "Polaric" ein god tur i Vestisen og tok 4000 dyr. I 1952 var "Polaric" beste skute på storsilda. Same året var skuta gjennom ei ombygging, utan at vi kjenner detaljane om den.

I 1964 vart Crossley-motoren skift ut med ein 4-sylindra Wichmann diesel på 600 hk. På denne tid hadde skuta måla 105 x 23.4 x 10.5 ft / 173 brt. I 1968 vart "Polaric" seld via Rieber i Ålesund til Agnar Karlsen i Balsfjord. Då fekk skuta fiskerimerket T 33 B.

"Polaric" vart kondemnert i 1986. Men skuta vart liggande i opplag til det vart avklara om ho kunne vernast som veteranfartøy. Nordnorsk Fartøyvernsenter og Båtmuseum i Gratangen vurderte ulike alternativ for verning, både flytande og på land, men kom til at dei ikkje ville makte å gjennomføre prosjektet. Derfor vart "Polaric" rigga ned og søkkt i Astafjorden i Troms i 1994.



Sesongen på hell.

Så har vi lagt bak oss endå ein sesong på Ishavsmuseet. Den første sesongen etter suksessåret 1999 då vi hadde nyopning i nye lokalar. Etter at vi oppsummerte fjoråret med 7400 betalande gjestar, rekna vi med ein nedgong dette året. Den største nysgjerrigheita lokalt var stilt, men vi vona sjølvsagt at vi kunne kome nær oppunder besøkstala frå i fjor.. Pr. i dag ligg vi om lag 1000 betalande bak fjoråret. Det meste av desse låg vi bak alt i mai. Mai 1999 var den beste månaden for oss så langt. Sjølv om vi ligg litt bak fjoråret, reknar vi med å ta igjen noko av dette utover hausten. Vi har ei fin auke i talet på besøkande bedrifter som leiger seg inn i museet. Dette er bedrifter, lag og organisasjonar som leiger møtelokalar, og bestiller "full pakke" med oss med møtelokalar, omvising, kaffi, lunsj og gjerne avsluttar med middag på kveldinga. Her har vår berømte selgryte a'la Blueback vore ein stor suksess. Vi får stadig spørsmål om å leige ut lokalar til private arrangement. Dette har vi sett oss nøydde til å seie nei til. Mange av desse arrangementa det har vore spørsmål om har vore i vår opningstid. Vi kan ikkje stenge av lokala til private arrangement i opningstida.

Gjennom heile sesongen har folk kome til oss med gjenstandar og bilde som dei har funne i heimen. Stor takk til alle desse. Vi kan ikkje ramse opp alle gjenstandar og takke alle her, men vi må få lov å nemne Hallvard Holm som kom frå Svalbard med mykje gruveutstyr, og Jan Morten Bjerkvik som overrekte oss ei stor verdifull samling med "Svalbard suvenirar", og det store bokverket til Adolf Hoel om Svalbard. Frå Sverige kom kunstnaren Rudolf Overå med ei stor samling av isbjørn bildar som han overrekte oss. Foto samlinga vår er også aukande. Vi får stadig inn nye bilde. Største problemet vårt her er at vi ikkje har resursar/økonomi til å arkivere og katalogisere dette på ein god nok måte enno. Vi vonar at vi skal få prosjektstøtte til dette i næraste framtid. Eit anna problem er at vi har ei mengd med bilde der vi ikkje kjenner dei som er på bilda. Mange av desse bilda ligg i permar på museet som gjestane kan sjå i, og skrive opplysningar på om dei veit noko om bilda.

Dugnadsarbeidet har vore stilt i sommar. Det er vanskelig å drive noko stort dugnadsarbeid med mykje besøkande gåande på området. No er dugnadsgjengen igjen på plass og vi vonar at mange vil finne vegen til museet utover hausten for å delta i dugnadsarbeidet. Her er alltid nok å gjere for dei fleste.

Vi må også få lov her å rette ei stor takk til Arnljot, Ottar, Ruben, Sigmund, Karl Johan, Else og fleire som har gjort ein kjempeinnsats som omvisarar på museet i heile år. Stor takk også til alle som har stilt opp søndagane og hjelpt oss med å steike "polarvaflar", koke kaffi og vise rundt gjestar. Vi hadde ikkje klart oss utan all den gode hjelpa.

Framover hausten skal vi først og fremst avvikle ishavsfest onsdag 11. oktober. Dette i samband med Hareidsstemna. Det store trekkplasteret i år er Monica Kristensen Solås som kjem frå Svalbard for å kåsere for oss. Dette vart mulig å få til når SAS velvillig stilte opp og betalte flybilletten til oss. Ole Christen Røren gjorde jorde ein flott jobb her både med Monica og med SAS. Under Hareidsstemne helga vil vi også halde ope laurdag og søndag. Då er det også husflid utstilling i konferanseromet. Elles vil vi halde ope nokre søndagar utover hausten. Følg med annonsane i avisa. Søndag 22. oktober er det vår tur til å ta imot museumsstafetten 2000.

Fredag 1. desember er det klart for den årvisse førjulsfesten, og søndag 10. desember vert årets siste open dag på Ishavsmuseet dette året. Då vert det eldre filmar frå ishavet på storskjerm, gløgg, kaffi, pepperkaker og "polarvaflar". Julegåvene kjøper du denne dagen.

Elles så går arbeidet sin gong med hus over "Aarvak". Dette er ein ting styret vil bruke mykje tid på framover hausten og vinteren. Tidlegare i år fekk vi i gåve frå firma M.Karlsen as v/Else Karlsen verkstadbygningen som står rett ved sidan av museet. Atterhaldet var at vi fikk til ein makebyte avtale om tomta med Hareid kommune. Dette er også ting vi no arbeider med å få til. Vi vonar at vi i løpet av hausten skal få dette til, og vi kan ta i bruk bygget og sette det i stand før neste sesong. Vi får her sårt tiltrengt lagerplass.

Webjørn Landmark
-styrar-



UKJENT TUNGEMÅL.

Den gamle selfangeren I/S «Søndmøringen» av Tjørnvåg på Sunnmøre var hver sommer fra 1947-52 ekspedisjonsfartøy til Nordøst-Grønland (NØG) for det danske **Østgrønlandsk Fangstkompani Nanok A/S (Nanok)**, og brakte forsyninger og fangstfolk til Nanok's fangststasjoner. «Søndmøringen» hadde et meget godt og arbeidsomt mannskap, og en meget dyktig skipper Arnold Sandvik - alle sunnmøringer fra ytre Sunnmøre med sin karakteristiske dialekt som ofte var uforståelig for danskene.

Sommeren 1951 drev min far, min gode venn Kasper Andresen og jeg kommersielt laksefiske (sjørøye) på Zackenberg, NØG, 74 gr.og 30 min. Nord. En dag ankrete I/S «Polarstar» med sin legendariske skipper Kristoffer Marø opp ved Zackenberg for å losse forsyninger til Dansk Pearyland Ekspedisjonen som hadde sin sydbase her.

Vi tok en pause i laksefisket, og dro ombord i «Polarstar» hvor vi ble sittende i bestikken å prate med Marø. Som vanlig stod skipsradioen på, og man kunne følge div. samtaler og oppkallinger.

Plutselig hørte vi den danske radio- og værstasjon på NØG, Daneborg, anropte «Søndmøringen»: «Hallo Søndmøringen, hallo Søndmøringen, dette er Daneborg Radio - hvor er I, og hvad laver I? Over.»

Etter et øyeblikk svarte skipper Sandvik på Søndmøringen: « 'allo Daneborg, 'allo Daneborg, ditte he Sunnmøringen, høss ligg hutafor 'ockstetter hå bauer. hover».

Daneborg kom så tilbake:» Hallo Søndmøringen, jeg fikk igge li'e fat i hvad du sagde, vær venlig at gjentage. Over».

Sandvik tilbake igjen: «'allo Daneborg, ditte he Sunnmøringen, høss ligg hutafor 'ockstetter hå bauer. Hover.»

Daneborg tilbake: « Hallo Søndmøringen, det er så mange atmosfæriske forstyrrelser - så venligst gjentage dit svar. Over»

Søndmøringen tilbake.» 'allo Daneborg, ditte he Sunnmøringen, høss ligg hutafor 'ockstetter hå bauer. Hover».

Vår samtale i bestikken på «Polarstar» var forlenget stillnet, og vi lyttet spent på radiosamtalene som fortsatte med at telegrafisten på Daneborg anropte Søndmøringen med forskjellige unnskyldninger. Han skjønnte tydelig hvis ikke et kvadder av hva skipper Sandvik sa, og gjentok gang etter gang, men ville ikke innrømme dette i klart språk. Samtalene fikk etterhvert et komisk tilsnitt før telegrafisten på Daneborg ga opp.


Da tok skipper Marø på «Polarstar» mikrofonen og kalte opp Daneborg Radio og sa at han hadde hørt på radiosamtalene med «Søndmøringen», og forklarte at det skipper Sandvik prøvde å fortelle var at: «Søndmøringen nå lå utenfor Hochstetter Forland og brøt is «. Daneborg takket pent for forklaringen, og innrømmet at de ikke hadde forstått hva skipper Sandvik gang etter gang gjentok. Telegrafisten hadde nok vært for høflig til å si fra at han ikke skjønnte skipper Sandvik's sunnmørske tungemål.

Drøbak, 08.07.00. Ivar Ytreland.

Museumsstafetten 2000

Søndag 22. oktober er det Ishavsmuseet sin tur til å arrangere museumsstafetten.

Denne dagen er museet ope frå kl. 13.00 – 17.00. Vi syner eldre filmar frå ishavsmiljøet på storskjerm i konferanseromet, og vi vil ha fleire omvisarar på plass i lokala som fortel om dramatiske turar frå ishavet. Hakapikane vil vere med oss og underhalde utover dagen. Museumskiosken vil vere open så du får høve til å sikre deg flotte suvenirer i selskinn. Kaffi og ”Polarvaflar” høyrer sjølvsagt med. I tillegg til alt dette vil vi også koke ei stor gryte med selgryte a’la blueback. **Sett av denne søndagen og ta turen til Brandal. Du får film frå ishavet, flotte selskinnsuvenirer, historier frå røynde ishavsgastar, ”polarvaflar” og vår berømte selkjøtgryte.**



B

Grillkvelden med selkjøt ved Ishavsmuseet 11. august 2000.

Av Brit Eilertsen.

Styret i Venneforeninga til Ishavsmuseet ville lage til ein grillkveld på ettersomaren, og det vart bestemt at selkjøt måtte det vera når det skulle nytast ved Ishavsmuseet og ishavsskuta "Aarvak".

Bjarne Brandal er ein ukueleg opptimist og såg føre seg eit besøk på 4-500 entusiastar, men vi meir jordnære landa på å berekne mat til 300 personar. Bjarne hadde også oppnemnt Karl-Johan Brandal og Hermann Bakke til grillsjefar og meg som vertinne.

Liv Skarbakk har hatt ei hand med det meste i Venneforeninga, og det var naturleg å få henne til å samordne heile opplegget. Eg veit ikkje nokon annan som kunne fått i hop så mange frivillege og gode hjelparar.

Karl-Johan Brandal er ein grundig kar og når han hadde fått ansvaret for grillinga så måtte han også vera sikker på korleis det skulle gjerast. Han prøvegrilla laurdagskvelden før og Kirsten (Titten) laga grønnsaksalat og potetsalat, og det smakte fortreffeleg. Vi var derfor ikkje redd for å anbefale menyen.

Bjarne hadde lova godt ver, og det vart no brukande sjølv om vi kunne ønskje oss litt meir sol og varme. "Hakkapikane" kunne ikkje møte, men hadde ordna med annan gladmusikk, så stemninga var upåklageleg når folket byrja å strøyme til. Og strøymde til gjorde dei, og praten gjekk så livleg at Bjarne let talen sin og andre programinnslag vente til ein annan gong.

Vi oppsummerer denne kvelden som vellukka takka vera alle som hjelpte til og som møtte opp for å smake på selkjøtet. Eg har ikkje nemt så mange namn for då er det lett å gløyme nokon, men styret og eg spesielt, som fekk dette oppdraget kasta i fanget, vil takke alle som hjelpte til for innsatsen, både på kjøkkenet, ved grillane, i oppryddinga og med sal.

Overskotet skal som kjendt gå til eit fond for overbygg på "Aarvak".

NYE MEDLEMMER

Styret har satt ned en engere arbeidsgruppe som vurderer tilbud på nye medlemmer. De gjennomgår navnelistene for den vellykkede kronerulling.

Dersom du får invitasjon til medlemskap vet du hvor det kommer fra. Kroner hundre dekker både 2000 og 2001. Vi ønsker din støtte. Den gir inspirasjon og betyr mer enn du tror.

Mvh LIV, HERMANN, WEBJØRN.

Kostnadane med utgivelse av dette nummeret av ISFLAKET, er dekket av:

Fastrentekonto

7,10 % p.a.

- Minimumsbeløp kr. 15.000,-
- Bindingstid til 07.09.2001
- Renta er garantert i heile perioden

Tilbudet er avgrensa i tid

The logo for KBANK, featuring a stylized 'K' and 'B' followed by the word 'BANK' in a bold, sans-serif font.

CHRISTIANIA BANK OG KREDITKASSE

Ulsteinvik - Hareid